

## Hordaland fylkeskommune – Folkemusikkstipend 2017

Ved søknadsfrist var det kome inn 11 søknader til folkemusikkstipenda. Utval for Kultur, idrett og regional utvikling vedtok i møte 13.9.2017 sak om tildeling av stipenda. Det vart tildelt 1 stipend på 50 000 kroner og 2 stipend á 25 000 kroner.

Omtalane av stipendmottakarane er henta frå fagkomiteen Rådet for Hardingfela.no sine grunngjevingar/innstillingar.



Foto: Knut Utlér/Osafestivalen.

På bildet: Kjell Gitton Håland, nestleiar i vårt Utval for kultur, idrett og regional utvikling dela ut folkemusikkstipenda på vegne av Hordaland fylkeskommune. Frå venstre: Håland, Berit Opheim, Maria Skjeldrum Toppe og Silja Solvang.

### **Berit Opheim (f. 1967) – vokal folkemusikk. Innspeling av folketonar frå Voss, fekk Hordaland fylkeskommune sitt stipend på kr. 50 000.**

Berit Opheim frå Voss er ein av landets aller fremste vokalistar, folkesongarar og tradisjonsberarar. Utdanninga si har ho frå Bergen Musikkonservatorium og Norges Musikkhøgskole, samt at ho har gått i lære hjå eldre kjelder som Ragnar Vigdal, Margreta Opheim, Olav Fletre, Agnes B. Garnås og Kirsten B. Berg. Ho har vunne Landskappleiken 4 gonger og har heile tida vore ein aktiv utøvar og har sunge ma. med Oslo Kammerkor, Det norske solistkor, KORK, Nils Økland, Sigbjørn Apeland, Rolf Lislevand m.fl. Ho var også Nattens dronning i folkeoperaen Tryllefløyta. Ho er aktiv i gruppa Trio Mediæval som har oppdrag verda kring. Attåt å vera ein sær sars aktiv og ettertrakta utøvar så finn Berit tid til undervisning, og ho ser på det å vidareføra kunnskap til nye generasjonar som sær sars viktig. Ho har undervist på Ole Bull Akademiet sidan 1989, starta barnekvedargruppe på Voss som ho leia i 11 år og har hatt sær sars mange kurs, seminar, workshops og mykje privatundervisning.

Berit ynskjer å bruka stipendet til å jobba med ei innspeling av folketonar frå Voss. Folketonane er viktige å dokumentera, samt å gjera dei meir tilgjengelege. Dette er flott musikk som Berit ynskjer å dela med flest mogeleg. Songane har Berit tileigna seg gjennom å læra dei frå eldre folkesongarar, lytta til arkivopptak og jobba med notenedskrifter. Ho har jobba med materialet i snart 30 år og brukt dei på konsertar og i undervisning.

### **Tildeling av Hordaland fylkeskommune sine 2 stipend á kr. 25 000 Folkemusikk ung:**

#### **Silja Solvang (f. 1990) – Folkedans. Djupdykk i halling/laus i Hordaland**

Silja Solvang frå Osterøy er ein aktiv dansar og instruktør for born og unge. Ho har teke instruktørkurs i folkedans via Noregs Ungdomslag, gått folkedanslinje på Mange Folkehøgskule og jobbar no aktivt som mellom anna koreograf.

Ho ynskjer å bruka stipendet til å setje seg inn i tradisjonen for halling (både par og laus) i Hordaland. Sidan ho var barn har vore veldig oppteken av hallingdansen, men ho har merka at ho har plukke opp mykje frå austlandet gjennom kurs og film. No vil ho sjå om ho kan finna det som er spesielt for hallingdansen i Hordaland. Samstundes vil ho fordjupa seg i parhalling og sjå om ho kan finna spanande turar og element i dansen. Seinare vil ho bruka det ho finn til å undervise born og unge, og ho tenkjer at det er viktig å vera bevisst sin eigen tradisjon når ein vidareformidlar folkedans. Sidan det er få som dansar halling i Bergensområdet, då spesielt laus, er dette noko som det er viktig å setje fokus på.

**Maria Skjeldrum Toppe (f. 1992) – Hardingfele. Djupdykk i tradisjonen etter Finn Vabø frå Bergen**

Maria Skjeldrum Toppe frå Bergen er musikkterapeut i Bergen Kulturskule og Barnas Fysioterapisenter, og driv samstundes med aktiv verksemd som instruktør, utøvar og rekrutteringsarbeidar til folkemusikken. Ho har utdanninga si frå Griegakademiet og har teke instruktørkurs i Norges Ungdomslag, gått Master Class Hardanger med Knut Hamre som hovudlærer i 3 år og har teke etterutdanning innan dans, bevegelse og helse.